



Vang kommune

Rådmannskontoret

Landbruks- og matdepartementet

Dykkar ref.:
18/1305

Vår ref.:
THUREI -16/433 -28

Arkiv:
000

Vår dato:
31.01.2019

Uttale til høyring- forslag om forbud mot hald av pelsdyr

Underteikna viser til brev datert 22.11.2018 i nemnde høyringssak.

Regionstyret for Valdres (representert ved ordførar i kvar av dei 6 Valdreskommunane) har i møte 30.01.2019 vedteke å gje følgjande uttale i høyringa:

Valdreskommunane har gjennom generasjonar hatt ei stor og betydningsfull pelsdyrnæring. Mellom anna som ein følge av dei internasjonale og nasjonale utfordringane pelsdyrnæringa har møtt, har talet på oppdrettarar minka dramatisk dei seinare åra.

Regionstyret har merka seg den politiske haldninga på nasjonalt nivå i retning av avskaffing av næringa.

Regionstyret vil gje sterk støtte til prinsippet om å gje kompensasjon til dei som blir råka av eit eventuelt forbud mot hald av pelsdyr: Kompensasjonen må vere forsvarleg og reflektere det samla tapet som den einskilde oppdrettar blir påført: Det må vere ei individuell vurdering av kvart foretak. Regionstyret meiner at omsynet til ei slik rettvis vurdering må vektleggast meir enn det meirarbeidet dette fører til for forvaltningen av kompensasjonsordninga.

For regionstyret i Valdres

Med helsing

Reidar Thune
rådmann
Dir. tlf.: 61369412
E-post: reidar.thune@vang.kommune.no

Etter rutine våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.